



Lovsamling

NYNORSK



Indremisjonsforbundet

Med Guds ord til folket

Innhold:

1	Lov for Indremisjonsforbundet	3
2	Lovmalar.....	7
2.1	Mal for krinslover	7
2.2	Mal for lokalforeiningslover.....	12
2.3	Mal for forsamlings-/kyrkjelyds- og kyrkjelover	16
2.4	Mal for ungdomsforeiningslover	20
2.5	Mal for bedehuslover.....	23

1 Lov for Indremisjonsforbundet

(Etter revisjon i GF 24. juli 2005)

I. Indremisjonsforbundet

Grunnlag, føremål og status

§ 1. Grunnlag

Indremisjonsforbundet byggjer arbeidet sitt på Bibelen, Guds ord, og den evangelisk lutherske vedkjenninga¹. På dette grunnlaget driv Forbundet alt arbeidet sitt, kallar og sender ut sine arbeidarar.

(¹ Den apostoliske truvedkjenninga, Den nikenske truvedkjenninga, Den athanasianske truvedkjenninga, Den augsburgske vedkjenninga og Luthers vesle katekisme.)

§ 2. Føremål

a. Indremisjonsforbundet har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar Forbundet finn tenleg.

b. Indremisjonsforbundet vil og verkeleggjera det ideelle føremålet gjennom eigne sjølvstendige einingar via utleigetilhøve dersom Forbundet finn det tenleg. All slik verksemd skal byggjast på ikkje-kommersiell (non-profit) basis, og omfatta mellom anna utrustning av menneske til arbeid i Guds rike gjennom barnehage- og skoleverksemd m.v.

§ 3. Status

a. Indremisjonsforbundet er ein sjølveigande, frittståande og ikkje-kommersiell (non-profit) organisasjon med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

b. Indremisjonsforbundet er dei krinsar, foreiningar¹, forsamlingar og kyrkjelydar, heretter kalla einingar, og enkeltpersonar (jfr. pkt. e) som melder seg inn, og som er samde i og forpliktar seg på §§ 1 og 2. Opptak av nye medlemmer skal godkjennast av Forbundsstyret.

Indremisjonsforbundet er hovud- og sentralorgan for dei innmelde einingane og skal vera til felles støtte og hjelp i arbeidet for Guds rike i folket vårt. Kvar eining har rett til å ordna sine eigne saker så lenge det ikkje kjem i strid med organisasjonen sitt grunnlag og føremål.

Skal krinsane kalla ein person til leiarstilling eller setja i verk større økonomiske tiltak, skal ein rådføra seg med Forbundsstyret.

c. Krinsane og andre direkte innmelde einingar skal etter førespurnad frå Indremisjonsforbundet senda melding om arbeidet, om talet på foreiningar og om andre tiltak.

d. Vert ei eining som er innmeld i Indremisjonsforbundet oppløyst eller går inn i ein annan organisasjon, skal Forbundet ta hand om det eininga eig, dersom dette er i samsvar med eininga sine lover.

e. Personar som bur i område av landet der det ikkje er ein krins eller lokalforeining knytt til Indremisjonsforbundet, kan verta direktemedlemmer i Forbundet inntil foreining/krins vert danna.

II. Generalforsamlinga

§ 4.

a. Generalforsamlinga er Indremisjonsforbundet si høgste myndigheit.

Generalforsamlinga handsamar:

- Forbundsstyret si toårsmelding.
- Reviderte rekneskapar.
- Lovendringar.
- Andre saker som Forbundsstyret eller medlemene gjer framlegg om (jfr. § 7 b).

¹ Foreining vert brukt som samla nemning for indremisjons-, IUF-, kvinne-, manns-, Finnmarksforeiningar, kor og lag for barn og tenåringar.

b. Generalforsamlinga vel:

- Formann, styremedlemer og varamedlemer til Forbundsstyret (jfr. § 5).
- Valkomite (jfr. § 11).
- Revisor.

Vala, med unntak av revisor, skal vera skriftlege. Ved likt stemmetal vert valet avgjort ved loddrekning. Formannen må veljast med minst 50 % av dei avgjevne stemmer.

Vala skjer for øvrig i samsvar med Generalforsamlinga si forretningsorden.

c. Vanlege generalforsamlingssaker vert avgjort med simpelt fleirtal. Står stemmene likt, er dirigenten si stemme avgjerande.

d. Generalforsamlinga kan gje Forbundsstyret fullmakter og påleggja det særoppdrag.

§ 5.

a. Generalforsamlinga vel formann for to år. Han kan veljast att tre gonger. Deretter kan vedkomande først veljast inn etter å ha vore ute or Forbundsstyret i to år. Formann vert valt før styrevalet.

b. Dei øvrige seks styremedlemane vert valde for fire år, slik at det kvart andre år går tre ut. Desse kan veljast att ein gong, og må deretter vera ute or styret minst to år før dei igjen kan veljast inn.

Ved val av faste styremedlemer (inkl. formann) bør geografisk fordeling ivaretaast.

Generalforsamlinga vel tre varamedlemer for to år i eige val.

§ 6.

Utsendingar til generalforsamlinga:

a. Kvar foreining (jfr. §3 b), forsamling og kyrkjelyd som har inntil 50 medlemer kan velja to utsendingar. Har foreininga, forsamlinga eller kyrkjelyden fleire enn 50 medlemer, kan det sendast ein utsending for kvar påbyrja nytt femti. Likevel kan ingen senda meir enn seks utsendingar. Utsendingane skal veljast mellom medlemene i foreininga, forsamlinga eller kyrkjelyden.

b. Foreiningar, kor og lag som er stifta for å arbeida mellom yngre ungdom og barn, kan senda ein av leiarane.

c. Kontaktpersonar som er registrerte i ein krins, kan møta med fullmakt frå krinsstyret.

Kontaktpersonar frå område av landet der det ikkje er eigen krins, kan møta med fullmakt frå Forbundsstyret.

d. Inntil fem direktmedlemer frå kvart fylke der det ikkje er eigen krins eller foreining, kan møta med fullmakt frå Forbundsstyret. Forbundsstyret organiserer val av desse.

e. Barne- og ungdomsnemndene (-råda) i krinsane kan senda inntil fire utsendingar, valt mellom medlemer, varamedlemer og barne- og ungdomssekretær (-konsulent).

f. Barne- og ungdomsrådet i ImF-BUA kan møta med sine valde medlemer.

g. Styra for krinsane kan senda inntil sju utsendingar kvar, valde mellom styremedlemer, varamedlemer og sekretær (krinsleiar).

h. Forbundsstyret møter med sine valde medlemer. Forbundsstyret sine medlemer har ikkje stemmerett i saker som angår styret sine disposisjonar.

i. Tilsette i ImF sentralt og rektor eller ein annan representant for skulane knytt til ImF sentralt og krinsane, har talerett i generalforsamlinga.

§ 7.

a. Generalforsamlinga vert halden kvart anna år på den stad og til den tid Forbundsstyret vedtek.

b. Om nokon vil ha ei sak fram for generalforsamlinga, må ho vera sendt til Forbundsstyret seinast seks månader før generalforsamlinga vert halden.

c. Berre Forbundsstyret og einingar som er innmelde i Indremisjonsforbundet, kan koma med framlegg til lovending.

- d. Ekstraordinær generalforsamling vert halden når minst fem av Forbundsstyret sine medlemmer, eller 1/3 av krinsstyra ber om det.
- e. Protokoll frå generalforsamlinga sine forhandlingar vert sendt til krinsstyra.

III. Forbundsstyret

§ 8.

- a. Indremisjonsforbundet vert leia av Forbundsstyret som er høgaste myndigheit mellom generalforsamlingane.
- b. I Forbundsstyret sit sju representantar. Minst fire av desse må vera menn. Ingen kan sitja i styret lengre enn åtte år i samanheng. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er til stades.
- c. Formann vert valt direkte av generalforsamlinga. Elles konstituerer styret seg sjølv.
- d. Generalsekretæren møter i styret med forslags- og talerett, men utan stemmerett.
- e. Forbundsstyret held møte når formannen kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

§ 9.

- a. Forbundsstyret skal:
- Setja i verk og føra kontroll med generalforsamlinga sine vedtak og avgjerder.
 - Forvalta og føra kontroll med Indremisjonsforbundet sin økonomi.
 - Syta for at arbeidet vert drive i samsvar med Indremisjonsforbundet sine lover.
- b. Forbundsstyret forpliktar på alle måter Indremisjonsforbundet når styreformannen og generalsekretæren, eller dei styret gjev fullmakt, skriv under på vegne av styret.
- Forbundsstyret kan gje prokura.
- c. Forbundsstyret kallar og tilset generalsekretær og andre arbeidarar, og fastset løns- og arbeidsvilkår for desse.
- Styret skal rådføra seg med krinsleiarane før dei kallar og tilset generalsekretær.
- d. Forbundsstyret kallar inn til generalforsamling, og legg til rette alle saker som skal handsamast av denne.
- Saker som skal handsamast av generalforsamlinga må vera utgreia og gjort kjent for dei innmelde einingane minst åtte veker før generalforsamlinga vert halden.
- Større saker vert lagt fram for krinsane same året, før handsaming i generalforsamlinga.
- e. Forbundsstyret kallar inn til Rådsmøte etter gjeldande reglar (jfr. § 12).
- f. Forbundsstyret er eigarorgan for dei skular og institusjonar ImF sentralt eig.

IV. Åndeleg tilsyn

§ 10.

- a. Generalsekretær, formann, nestformann og ein valt styremedlem er hyrderåd for Indremisjonsforbundet. Desse har eit særskilt hyrde- og læreansvar og skal difor vera menn.
- b. Generalsekretæren utøver i samråd med hyrderådet, åndeleg tilsyn i organisasjonen på vegne av Forbundsstyret.

V. Valkomité.

§ 11.

- a. Valkomiteen består av fem medlemmer som vert valde slik:
- fire medlemmer med personlege varamedlemmer valt av generalforsamlinga etter rimeleg geografisk fordeling.
 - ein av Forbundsstyret sine eigne medlemmer med varamann, oppnemnd av Forbundsstyret.

Medlemene og varamedlemene valde av generalforsamlinga har ei funksjonstid på fire år. (Første gong vert to av medlemane valde for to år ved loddrekning.)

Forbundsstyret sin medlem er formann i Valkomiteen, og vert oppnemnt for to år mellom dei styremedlemene som ikkje er på val i det styrevalet valkomiteen skal førebu.

b. Valkomiteen skal førebu val av formannen i Forbundsstyret, øvrige medlemmer og varamedlemer til Forbundsstyret og Valkomiteen.

VI. Rådsmøtet.

§ 12.

a. Rådsmøtet vert kalla inn når Forbundsstyret finn det naudsynt. Rådet skal ha møte minst ein gong kvart fjerde år.

b. Forbundsstyret avgjer samansettinga av Rådsmøtet, nærare forretningsorden og sakliste for Rådsmøtet sine samlingar.

c. Rådsmøtet kan, utanom dei saker generalforsamlinga eller Forbundsstyret legg fram for det, og handsama og uttala seg om dei saker det sjølv avgjer.

d. Drøftingar og vedtak i Rådsmøtet er av rådgjevande karakter.

VII. Økonomi.

§ 13.

Alle krinsar og einingar som er innmelde i Indremisjonsforbundet, er forplikta til å bidra med økonomiske midlar til fellesskapen. Dette bidraget er meint å dekkja utgifter til forkynning og andre tenester Indremisjonsforbundet sentralt yter både til og for kripsane.

VIII. Lojalitet i lære og liv.

§ 14.

Alle tilsette, tillitsvalde og andre uløna medarbeidarar må leva i samsvar med kristen etikk og visa aktiv lojalitet mot Indremisjonsforbundet sin eigenart og gjeldande retningslinjer.

Tilsette med leiar-, informasjons- og forkynnaroppgåver, alle tillitsvalde i Forbundsstyret, kripsstyra, lokale einingar og andre som er sette til å representera organisasjonen offentleg, må leva og læra i samsvar med Indremisjonsforbundet sitt grunnlag. (jfr. § 1)

IX. Oppløysing, fusjon eller fisjon.

§ 15.

a. Skal Indremisjonsforbundet oppløysast, må dette handsamast av ordinær generalforsamling og verta vedteke med 2/3 fleirtal. Deretter må det kallast inn til ekstraordinær generalforsamling innan tre månader, og vedtaket om oppløysing må her verta gjenteke med 2/3 fleirtal.

b. Etter at gyldig vedtak om oppløysing er gjort, vel generalforsamlinga eit avviklingsstyre som skal stå føre avviklinga. Forbundsstyret kan veljast til avviklingsstyre.

c. Indremisjonsforbundet si formue skal etter oppløysing og betaling av gjeld, gå til eit føremål innanfor Forbundet sine lover. Siste generalforsamling avgjer kva formuen skal nyttast til.

d. Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje rekna som oppløysing. Vedtak om samanslutning/deling og naudsynte lovendingar i samband med dette, vert gjorde i samsvar med vedtektene om lovendingar (jfr. § 16). Forbundsstyret skal i denne samanheng leggja fram ein plan for samanslutninga/delinga som generalforsamlinga kan stemma over. Ved samanslutning/deling må det hentast inn samtykke frå Indremisjonsforbundet sine kreditorar.

X. Lovending.

§ 16.

Framlegg til endringar i denne lova må vera sendt inn etter § 7, b-c, og kan berre verta vedteke av generalforsamlinga med 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene. § 1 og § 2 første ledd, kan ikkje endrast.

2 Lovmalar

2.1 Mal for krinslover

Lovtekst	Kommentar
<p>Lov for krinsar tilslutta Indremisjonsforbundet</p>	<p>Malen byggjer på lov for Indremisjonsforbundet sist revidert juli 2005.</p>
<p>§ 1 Grunnlag</p> <p>_____ (namn på krinsen) byggjer arbeidet sitt på Bibelen Guds ord og den evangelisk lutherske vedkjenning. På dette grunnlaget driv krinsen alt arbeidet sitt, og kallar og sender ut arbeidarane sine.</p> <p><i>(¹ Den apostoliske truvedkjenninga, Den nikenske truvedkjenninga, Den athanasianske truvedkjenninga, Den augsburgske truvedkjenninga og Luthers Lille katekisme.)</i></p>	<p>Må vera likt for alle.</p>
<p>§ 2 Føremål</p> <p>a. _____ (namn på krinsen) har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.</p> <p>b. _____ (namn på krinsen) vil arbeida saman med Indremisjonsforbundet sentralt og dei innmelde krinsar og einingar for å styrkje indremisjonen sitt kallsoppdrag. Krinsen vil ta medansvar for å skaffa økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver forbundet utfører på vegne av dei innmelde krinsar og einingar.</p> <p>c. _____ (namn på krinsen) vil og verkeleggjera det ideelle føremålet gjennom eigne sjølvstendige einingar via utleigetilhøve dersom krinsen finn det tenleg. All slik verksemd skal byggjast på ikkje-kommersiell (non-profit) basis og mellom anna omfatta utrustning av menneske til arbeid i Guds rike gjennom barnehage- og skuleverksemd m.m.</p>	<p>Bør vera likt for alle.</p> <p>Dette punkt er viktig om krinsen har barnehage, skuledrift eller liknande. Det bør i alle tilfelle vera med for alle framtidige eventualitetar.</p>
<p>(Lokale tillegg).</p>	<p>Her kan alle krinsen sine eigne område føyast inn.</p>
<p>§ 3 Status</p> <p>a. _____ (namn på krinsen) er ein sjølveigande og ikkje-kommersiell (non-profit) organisasjon med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Krinsen er tilslutta Indremisjonsforbundet. (jfr. Lov for Indremisjonsforbundet.</p> <p>b. _____ (namn på krinsen) er ei samanslutning av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - lokale indremisjonsforeiningar og lag, - forsamlingar og kyrkjelydar, - enkeltpersonar frå stader der det ikkje er foreining, som melder seg inn i krinsen, og som er einige i §§ 1 og 2. Opptak av nye medlemer skal godkjennast av Krinsstyret. 	<p>Bør vera likt for alle.</p> <p>Då ein ønskjer å opna for direktemedlemmer i ImF frå stader der det ikkje er krins eller foreining, bør det i krinslovene opnast for direktemedlemskap frå stader der det ikkje er foreining.</p>

Lovtekst	Kommentar
<p>§ 4 Årsmøtet</p>	<p>Bør vera likt for alle med dei nyansar som er lagt inn.</p>
<p>a. Årsmøtet er _____ (namn på krinsen) si høgste myndigheit, og blir halde kvart år innan utgangen av juni. Tale- og røysterett på årsmøtet har:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utsendingar frå indremisjonsforeiningar, lag, forsamlingar og kyrkjelydar som er innmelde i krinsen. Foreiningar med inntil 50 medlemmer kan senda to utsendingar. Foreiningar med meir enn 50 medlemmer kan senda ein utsending meir for kvart påbyrja nytt femti. Likevel kan ingen senda meir enn seks utsendingar. - Kontaktpersonar oppnemnde av krinsstyret. - Krinsstyret. - Barne- og ungdomsrådet. <p>Lokale tillegg (krinsar som har skular kan ta desse med her. Lista nedanfor er eit eksempel, og ein kan vurdere om dei skal ha tale- og røysterett eller berre talerett):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rektor ved skular eigde av krinsen. - To styremedlemer frå kvar skule eigd av krinsen. 	<p>Enkeltmedlemmer er ikkje tatt inn her då det er naturleg med kontaktpersonar der det ikkje er foreining.</p>
<p>Styret for Indremisjonsforbundet kan senda ein utsending til årsmøtet. Denne har talerett, men ikkje røysterett.</p>	<p>Ein foreslår gjensidig representasjon i årsmøta.</p>
<p>b. For å kunna røysta på årsmøtet må ein vera fylt 15 år. Krinsstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld styret sine disposisjonar.</p>	<p>Dette er norsk religiøs myndighetsalder. Mogleg med 18 år som alternativ. Saken er ikkje avklara i ImF sine lover ennå.</p>
<p>c. Årsmøtet handsamar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Krinsstyret si årsmelding. - Reviderte årsrekneskapar. - Lovendringar. - Andre saker som krinsstyret eller medlemene legg fram. (jfr pkt. f). 	
<p>d. Årsmøtet vel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Formann, styremedlemer og varamedlemer til krinsstyret (om styret konstituerer seg sjølv må formann utelatast her). - Barne- og ungdomsråd. - Valkomité. - Andre styre (driftsstyre for leirstad og liknande, avhengig av lokale variasjonar). - Revisor. 	<p>Barne- og ungdomsnemnd endra til Barne- og ungdomsråd.</p>
<p>e. Årsmøtet gjer vedtaka sine med simpelt fleirtal. Lovendringar krev 2/3 fleirtal.</p>	
<p>f. Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må denne vera sendt til krinsstyret seinast tre månader før årsmøtet skal haldast. Berre krinsstyret og lag som er innmelde i krinsen kan koma med forslag til lovendringar.</p>	
<p>g. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av medlemene i krinsstyret, eller 1/3 av foreiningane ber om det.</p>	<p>Foreiningane er trekt inn i denne § tilsvarande som i ImF § 7d.</p>
<p>h. Protokoll frå årsmøtet skal sendast til lokalforeiningane og Indremisjonsforbundet.</p>	<p>Forslag om protokollutveksling . Dette gjeld altså årsmøteprotokoll og ikkje styreprotokoll.</p>

Lovtekst	Kommentar
<p>§ 5 Krinsstyret</p>	<p>Bør vera likt for alle med dei alternativ ein vel.</p>
<p>a. _____ (namn på krinsen) vert leia av krinsstyret som er krinsen si høgste myndigheit mellom årsmøta.</p>	
<p>b. Alternativ 1: Krinsstyret har sju medlemmer som blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år vekselvis går tre eller fire medlemmer ut av styret. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret meir enn åtte år i samanheng. Styret har tre varamedlemmer som er valde for eitt år. Første varamedlem møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er til stades. Styret vel seg imellom formann og nestformann.</p> <p>Alternativ 2: Krinsstyret har sju medlemmer. Formannen blir vald av årsmøtet for eitt år. Dei andre medlemmene blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år går ut tre. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret meir enn åtte år i samanheng. Styret har tre varamedlemmer som er valde for eitt år. Første varamedlem møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er til stades. Styret vel seg imellom nestformann.</p>	<p>Tall på styremedlemer er meint som forslag. Men talet bør vera oddetal (5, 7 eller 9).</p> <p>Det er noko forskjellig praksis når det gjeld funksjonstid i styret (6-8 år).</p> <p>Det er laga to alternativ då det er forskjellig praksis i krinsane vedr. val av formann.</p> <p>Alternativ 1: Krinsstyret vel sjølv formann.</p> <p>Alternativ 2: Formann blir vald av årsmøtet.</p>
<p>c. Krinsleiaren møter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.</p>	
<p>d. Krinsstyret held møte når formannen kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.</p>	
<p>§ 6 Krinsstyrets sine oppgåver</p>	<p>Dette bør vera likt for alle.</p>
<p>a. Krinsstyret skal:</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sine vedtak og avgjerder. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Forvalta og føra kontroll med _____ (namn på krinsen) sin økonomi. Større økonomiske saker må leggjast fram for Indremisjonsforbundet sitt styre til orientering (jfr § 3 b i Lov for Indremisjonsforbundet) og handsamast av krinsen sitt årsmøte. 	<p>Ad større økonomiske saker og relasjon til ImF sentralt: Dette er gamal ordning for å koordinera godt.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Syta for at arbeidet vert drive i samsvar med _____ (namn på krinsen) sine lover. 	
<p>b. Krinsstyret bind krinsen rettsleg.</p>	
<p>c. Krinsstyret kallar og tilset krinsleiar og andre arbeidadarar, og fastset løns- og arbeidsvilkår for desse. Krinsstyret skal rådføra seg med styret i Indremisjonsforbundet før dei kallar og tilset krinsleiar (jfr § 3 b i Lov for Indremisjonsforbundet).</p>	<p>Innarbeidd praksis: Forbundsstyret fastset lønns- og arbeidsvilkår etter innstilling frå Lønns- og personalutvalet der også krinsane er representert. Normalt følgjer alle krinsane desse vilkåra.</p> <p>Når det gjeld rådføring om tilsetjing, er dette gamal ordning. Nå føreslår ein å avgrensa dette til berre å gjelda krinsleiar(-sekretær). I ImF-lovene er det vedteke at det same skal gjelda andre vegen før tilsetjing av gen.sekr.</p>
<p>d. Krinsstyret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.</p>	

Lovtekst	Kommentar
§ 7 Åndeleg tilsyn	
a. Krinsleiar, formann og ein vald styremedlem er åndeleg leiarskap for krinsen. Desse har eit særleg hyrde- og læreansvar og skal difor vera menn.	Dette vert tilrådd. Om krinsen ikkje oppnemner eige hyrderåd, må både formann og nestformann vera mann. Jfr. vedtak 1983.
b. Krinsleiar utøver åndeleg tilsyn i samråd med og på vegne av det åndelege leiarskapet, og i kontakt med Indremisjonsforbundet sin generalsekretær og hyrderåd.	Dette bør vera med uansett om ein har eige hyrderåd eller ikkje.
§ 8 Barne- og ungdomsrådet	
a. Barne- og ungdomsrådet har fem medlemmer valde for to år om gangen, slik at det kvart år vekselvis går ut to eller tre medlemmer. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i rådet meir enn åtte år i samanheng. Rådet har tre medlemmer som er valde for eitt år. Første varamedlem møter fast i rådet. Rådet er vedtaksført når minst tre medlemmer er til stade. Rådet vel seg imellom formann og nestformann.	Talet på medlemmer er bare meint som forslag. Men talet bør vera oddetal (3,5,7 eller 9). Det er noe forskjellig praksis når det gjeld funksjonstid i styret (6-8 år).
b. Krinsleiaren og barne- og ungdomssekretæren (-konsulenten) møter i rådet med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.	
c. Barne- og ungdomsrådet leier krinsen sitt barne- og ungdomsarbeid i samsvar med instruks utarbeidd av krinsstyret.	
§ 9 Lojalitet i lære og liv	
<p>Alle tilsette, tillitsvalde og andre uløna medarbeidarar må leva i samsvar med kristen etikk og syna aktiv lojalitet mot _____ (namn på krinsen) sin eigenart og gjeldande retningsliner.</p> <p>Tilsette med leiar-, informasjons- og forkynnaroppgåver, alle tillitsvalde i krinsstyret, lokale einingar og andre som er sette til å representera organisasjonen offentleg, må leva og læra i samsvar med _____ (namn på krinsen) sitt grunnlag. (jfr § 1)</p>	Bør vera likt for alle.
§ 10 Lokale indremisjonsforeiningar	
a. Alle indremisjonsforeiningar, lag, forsamlingar og kyrkjelydar som høyrer til krinsen, må drivast i samsvar med føremålet slik det er uttrykt i § 2 a.	Bør vera likt for alle. (Nemner at malar for lokalplanet kjem innan rimeleg tid.)
b. Desse skal støtta krinsen så langt dei kan, både med økonomiske midlar og på annan måte, så dei saman kan nå dette føremålet.	
c. Lagsmedlemmer er dei som melder seg inn i eitt av laga, går inn for føremålet (§ 2) , lever eit kristeleg liv og betalar den årskontingent som årsmøtet for laget vedtek. Lever eit lagsmedlem eit ukristeleg liv eller arbeider for ei lære som ikkje er i samsvar med den evangelisk lutherske, skal styret/hyrde og lærerådet i lokallaget gje lagsmedlemmet rettleiing på bibelsk grunn (Matt 18, 15-18). Hjelper ikkje dette, kan vedkomande ikkje lenger vera medlem i laget.	Lokalforeininga sine lover bør ha et tilsvarende punkt.

Lovtekst	Kommentar
§ 11 Oppløysning, fusjon eller fisjon.	Bør vera likt for alle.
a. Skal _____ (namn på krinsen) oppløysast, må dette handsamast av ordinært årsmøte og verta vedteke med 2/3 fleirtal. Deretter må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte innan tre månader, og vedtaket om oppløysing må her verta gjenteke med 2/3 fleirtal.	
b. Etter at gyldig vedtak om oppløying er gjort, vel årsmøtet eit avviklingsstyre som skal stå for avviklinga. Krinsstyret kan veljast til avviklingsstyre.	
c. _____ (namn på krinsen) si formue skal etter oppløysing og nedbetaling av gjeld, gå til Indremisjonsforbundet.	Eventuell annan disponering og tildeling bør skje før formell oppløysing.
d. Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje sett på som oppløysing. Vedtak om samanslutning/deling og naudsynte lovendringar knytt til dette, vert gjorde i samsvar med vedtektene om lovendringar (jfr § 12). Krinsstyret skal i denne samanheng leggja fram ein plan for samanslutninga/delinga som årsmøtet kan røysta over. Ved samanslutning eller deling må det hentast inn samtykke frå _____ (namn på krinsen) sine kreditorar.	
§ 12 Lovendring	Bør vera likt for alle.
Årsmøtet i(namn på krinsen) kan endra denne lova med 2/3 fleirtal. Sjå § 4 b, d og e. §§ 1 og 2 a, 1. ledd, kan ikkje endrast.	

2.2 Mal for lokalforeiningslover

Lovtekst	Kommentar
<p>Lov for lokalforeiningar tilslutta Indremisjonsforbundet</p>	<p>Malen bør følgjast med nødvendige lokale tilføyingar/tilpassingar</p>
<p>§ 1 Grunnlag</p> <p>_____ Indremisjon (foreiningsnamn) byggjer arbeidet sitt på Bibelen Guds ord og den evangelisk lutherske vedkjenning¹. På dette grunnlaget driv foreininga alt arbeidet sitt, kallar frivillige og evt. tilset sine arbeidarar.</p> <p><i>(¹ Den apostoliske truvekjenning, Den nikenske truvekjenning, Den athanasianske truvekjenning, Den augsburgske vedkjenning og Luthers Lille katekisme.)</i></p>	<p>Paragrafen må vera fast og uforanderleg</p>
<p>§ 2 Føremål</p> <p>a. _____ Indremisjon (foreiningsnamn) har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.</p> <p>b. _____ (foreiningsnamn) vil arbeida saman med _____ (krinsnamn) og Indremisjonsforbundet for å styrkja Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreininga vil ta medansvar for å skaffa økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver krinsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmelde einingar.</p> <p>(Lokale tillegg).</p>	<p>Paragrafen a og b bør liggja fast</p>
<p>§ 3 Status</p> <p>a. _____ Indremisjon (foreiningsnamn) består av dei medlemer som melder seg inn, og som er einige i §§ 1 og 2, vedkjenner seg som ein personleg kristen, lever eit kristeleg liv og betaler den årskontingent som foreininga sitt årsmøte vedtek, og er gjort kjent med foreininga sitt grunnlag, føremål og arbeid.</p> <p>b. _____ Indremisjon (foreiningsnamn) er tilslutta _____ (krinsnamn) og dermed også Indremisjonsforbundet, og vert omfatta av dei lover og vedtekter som gjeld i organisasjonen.</p> <p>c. _____ (krinsnamn) og Indremisjonsforbundet har tilsynsmyndigheit.</p>	<p>Krins/ImF sentralt kan hjelpa med formuleringar</p> <p>Paragrafen bør liggja fast.</p> <p>Å bli gjort kjent med foreininga sitt grunnlag, føremål og arbeid kan for eksempel skje ved innføringskurs eller ein samtale med formannen. ImF/krinsen kan også gje hjelp til dette.</p> <p>Tilsynet vert utøvd i samsvar med gjeldande ordning.</p>
<p>§ 4 Årsmøtet</p> <p>a. Årsmøtet er _____ Indremisjon si (foreiningsnamn) høgste myndigheit, og vert halde kvart år innan utgangen av februar. Alle som har vore medlemer i eitt år og er fylt 15 år, har røysterett i årsmøtet.</p> <p>Styret for _____ (krinsnamn) kan senda ein utsending til årsmøtet. Denne har talerett, men ikkje røysterett.</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p> <p>Forbundsstyret foreslår gjensidig representasjon i årsmøta.</p>

Lovtekst	Kommentar
<p>b. Årsmøtet handsamar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Styret si årsmelding. - Reviderte årsrekneskapar. - Lovendringar. - Andre saker som styret eller medlemene legg fram (jfr. pkt. e). 	<p>Her kan ein evt. føya til budsjett om dette er aktuelt for foreininga.</p>
<p>c. Årsmøtet vel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Formann, styremedlemer og varamedlemer til styret. - Hyrderåd. - Valkomit�. - Revisor. 	<p>Dersom styret konstituerer seg sj�lv m� formann utelatast her. Val av hyrder�d: Her m� det takast lokale omsyn (fleire organisasjonar i same bedehus osv.). Det kan og vera aktuelt � tenkja felles hyrder�d for fleire foreiningar i eit område. Dette gjeld "hovudforeiningar".</p>
<p>d. �rsm�tet gjer vedtaka sine med vanleg fleirtal. Lovendringar krev 2/3 fleirtal.</p>	
<p>e. Vil nokon ha ei sak fram for �rsm�tet, m� denne vera sendt til styret seinast tre m�nader f�r �rsm�tet skal haldast. Berre styret og foreininga sine medlemer kan fremja forslag til lovendringar. �rsm�tesaker m� gjerast kjent for medlemene i god tid f�r �rsm�tet vert halde.</p>	<p>Frist for � senda saker til styret kan vurderast. Men det er viktig at det er ein praksis som gjev medlemene h�ve til � gjera seg kjende med sakene f�r �rsm�tet.</p>
<p>f. Ekstraordin�ert �rsm�te kan kallast saman n�r minst 2/3 av styremedlemene eller 1/3 av foreiningsmedlemene ber om det.</p>	
<p>g. Protokoll fr� �rsm�tet vert sendt til krinsstyret i _____ (krinsnamn).</p>	<p>FS-forslag om protokollutveksling</p>
<p>� 5 Styret</p>	<p>B�r vera lik for alle</p>
<p>a. _____ Indremisjon (foreiningsnamn) vert leia av eit styre som er h�gste myndigheit mellom �rsm�ta.</p>	
<p>b. Alternativ 1: Styret best�r av fem medlemer som blir valde for to �r om gangen, slik at det kvart �r vekselvis g�r to eller tre medlemer ut or styret. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret lengre enn �tte �r i samanheng. Styret har tre varamedlemer som vert valde for eitt �r. F�rste varamedlem m�ter fast i styret. Styret er vedtaksf�rt n�r minst halvparten av medlemane er til stades. Styret vel seg imellom formann og nestformann.</p> <p>Alternativ 2: Styret best�r av fem medlemer. Formann blir vald av �rsm�tet for eitt �r. Dei andre medlemene blir valde for to �r om gangen, slik at det kvart �r g�r ut to. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret lengre enn �tte �r i samanheng. Styret har tre varamedlemer som vert valde for eitt �r. F�rste varamedlem m�ter fast i styret. Styret er vedtaksf�rt n�r minst fire medlemer er til stades. Styret vel seg imellom nestformann.</p>	<p>Tal p� styremedlemer er berre meint som forslag. Men antalet b�r vera oddetal (5,7 eller 9).</p> <p>Det er laga to alternativ d� det er ulik praksis i foreiningane med tanke p� val av formann.</p> <p>Alternativ 1: Styret vel sj�lv formann.</p> <p>Alternativ 2: Formannen vert vald av �rsm�tet.</p>
<p>c. Forsamlingsleiaren m�ter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje r�ysterett.</p>	<p>Dette gjeld n�r forsamlingsleiar er tilsett.</p>
<p>d. Styret held m�te n�r formannen kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.</p>	

Lovtekst	Kommentar
§ 6 Styret sine oppgaver	Bør vera lik for alle.
a. Styret skal:	
<ul style="list-style-type: none"> • Setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sine vedtak og avgjerder. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Forvalta og føra kontroll med _____ Indremisjon (foreiningsnamn) sin økonomi. Større økonomiske saker må leggjast fram for krinsstyret til orientering, og handsamast av foreininga sitt årsmøte. 	Jfr. § 3 a i forslag til lov for Indremisjonsforbundet.
<ul style="list-style-type: none"> • Sjå til at arbeidet vert drive i samsvar med _____ Indremisjon (foreiningsnamn) sine lover. 	
b. Styret bind foreininga rettsleg.	
c. Styret kallar og tilset dei arbeidarane foreininga treng i samråd med styret for _____ (krinsnamn). Arbeidarane blir formelt tilsett og løna av krinsen i fylgje gjeldande løns- og arbeidsvilkår.	Forbundsstyret foreslår tilsetjingar på to nivå: krins og sentralt. Det er hensiktsmessig at lokale arbeidarar er tilsett i krins. Då slepp den lokale kasserar alt formelt arbeid vedr. arbeidsgjevaransvar. Den tilsette får og tilknytning til medarbeidarfelleskapet i krinsen.
d. Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.	
§ 7 Hyrderåd	Det må vurderast kva som er tenleg her ut frå storleiken på foreininga. Det kan for eksempel oppnemnast hyrderåd for fleire foreiningar i eit regionalt område. Her kan ein søkja råd hjå krinsleiinga evt. ImF. FS meiner det er viktig at hyrderådet har klar forankring i styret.
a. Hyrderådet består av tre menn som har tillit i foreininga. (Hyrderådet har til hovudoppgåve å visa åndeleg hyrdeomsorg for medlemene. Det skal ta i vare eit særskilt hyrde- og læreansvar ved å sjå til at forkynninga og forsamlings-/foreiningslivet er i samsvar med Guds ord og Den evangelisk- lutherske vedkjenning. Ved avvik eller lærestrid har Hyrderådet ansvar for rettleiing og formaning.	Når det er tilsett ein mann i åndeleg leiarsstilling, bør han naturleg vera med i hyrderådet.
b. Medlemer som tek til å leva i strid med Guds ord skal handsamast etter Matt 18,15-18. Medlemer som ikkje lever i samsvar med § 3, 1. ledd i denne lov, kan utelukkast frå foreininga. Hyrderådet innstiller i slike saker til styret som avgjer saka.	
c. Oppgaver i rådet vert fordelte etter utrustning og nådegåver. Rådet innstiller til styret ved kall av tilsette og frivillige arbeidarar.	
§ 8 Oppløysing	Paragrafen bør vera lik for alle.
a. Skulle _____ Indremisjon (foreiningsnamn) bli nedlagt eller oppløyst, går foreininga sine midlar og eigedomar over til _____ (krinsnamn) eller Indremisjonsforbundet.	

Lovtekst	Kommentar
b. Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje rekna som oppløysing. Vedtak om samanslutning / deling og nødvendige lovendingar i samband med dette vert gjorde i samsvar med reglane om lovendingar (jfr. § 9). Styret skal i denne samanheng leggja fram ein plan for samanslutninga / delinga som årsmøtet kan røysta over. Ved samanslutning eller deling må det hentast inn samtykke frå _____ (foreiningsnamn) sine kreditorar.	Denne formuleringa er tilrådd av jurist.
§ 9 Lovending	Paragrafen bør vera lik for alle.
Årsmøtet i _____ Indremisjon (foreiningsnamn) kan endra denne lova med 2/3 fleirtal, jfr. § 4 b, d og e. §§ 1 og 2a, første ledd, kan ikkje endrast.	

2.3 Mal for forsamlings-/kyrkjelyds- og kyrkjelover

Lovtekst	Kommentar
<p>Lov for forsamlingar, kyrkjelydar og kyrkjer tilslutta Indremisjonsforbundet</p>	<p>Malen bør følgjast med nødvendige lokale tilføyingar/tilpassingar.</p> <p>Vi nyttar omgrepet «forsamling» i denne lovmalen. Det er og Forbundsstyret sitt primære forslag. Omgrepet kyrkjelyd/kyrkje kan og nyttast om det er sterke lokale ynskje om det.</p>
<p>§ 1 Grunnlag</p>	<p>Paragrafen må vera fast og uforanderleg.</p>
<p>_____ (forsamlingsnamn) byggjer arbeidet sitt på Bibelen Guds ord og Den evangelisk lutherske vedkjenning¹. På dette grunnlaget driv forsamlinga alt arbeidet sitt, kallar frivillige og evt. tilset sine arbeidarar.</p> <p><i>(¹ Den apostoliske truvedkjenning, Den nikenske truvedkjenning, Den athanasianske truvedkjenning, Den augsburgske vedkjenning og Luthers Lille katekisme.)</i></p>	
<p>§ 2 Føremål</p>	<p>Paragrafane a og b bør liggja fast.</p>
<p>a. _____ (forsamlingsnamn) har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.</p>	
<p>b. _____ (forsamlingsnamn) vil arbeida saman med _____ (krinsnamn) og Indremisjonsforbundet for å styrkja Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Forsamlinga vil ta medansvar for å skaffa økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver krinsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmelde einingar.</p>	
<p>(Lokale tillegg).</p>	
<p>§ 3 Status</p>	<p>Paragrafen bør liggja fast.</p>
<p>a. _____ (forsamlingsnamn) består av dei medlemmer som melder seg inn, og som er einige i §§ 1 og 2, vedkjenner seg som personleg kristen, lever eit kristeleg liv og betalar den årskontingent som forsamlinga sitt årsmøte vedtek, og er gjort kjent med forsamlinga sitt grunnlag, føremål og arbeid.</p>	<p>Å bli gjort kjent med foreininga sitt grunnlag, føremål og arbeid kan for eksempel skje ved innføringskurs eller ein samtale med formannen. ImF/krinsen kan også gje hjelp til dette.</p>
<p>b. _____ (forsamlingsnamn) er ein registrert kyrkjelyd og vert drive i samsvar med gjeldande lovgjeving.</p>	<p>Pkt b gjeld berre registrerte forsamlingar (kyrkjelydar). Sjå og §4 b.</p>
<p>c. _____ (forsamlingsnamn) er tilslutta _____ (krinsnamn) og dermed også Indremisjonsforbundet, og vert omfatta av dei lover og vedtekter som gjeld i organisasjonen.</p>	
<p>d. _____ (krinsnamn) og Indremisjonsforbundet har tilsynsmyndigheit.</p>	<p>Her er formulering om tilsynsmyndigheit tatt inn.</p>

Lovtekst	Kommentar
§ 4 Medlemskap	Paragrafen bør vera lik for alle.
<p>a. _____ (forsamlingsnamn) tar etter søknad opp i fullt medlemskap alle som har fylt 15 år, er døypte med kristen dåp, vedkjenner trua på Jesus Kristus som Frelsar og Herre, er lojale mot forsamlinga sine grunnprinsipp slik dei er formulerte i §§ 1 og 2, og er gjort kjent med forsamlinga sitt grunnlag, føremål og arbeid.</p> <p>b. Medlemer av _____ (forsamlingsnamn) som ikkje er medlem i noko anna trussamfunn, utgjer den registrerte forsamlinga. Desse kan oppnå fullt medlemskap i forsamlinga i samsvar med pkt. a. Før den som søker kan takast opp som medlem i den registrerte kyrkjelyden må det:</p> <ul style="list-style-type: none"> - anten liggja føre skriftlig utmelding frå anna trussamfunn - eller godtgjerast at den som søker ikkje er medlem i eit anna trussamfunn. <p>c. Barn av foreldre som er medlemer i forsamlinga vert skrivne inn i medlemsregisteret ved dåp. Barn som er døypte i andre forsamlingar vert skrivne inn etter melding frå foreldra. Når barna blir 15 år må dei sjølve velja om dei vil verta opptekne i fullt medlemskap.</p> <p>d. Andre som tilhøyrrer forsamlinga fordi dei er døypte inn i ho, eller sjølv ynskjer det, vert førte inn under avgrensa medlemskap.</p> <p>e. Den som ynskjer å melda seg ut av forsamlinga, sender skriftleg melding til forsamlinga sitt styre.</p> <p>f. Ein medlem som aktivt motarbeider forsamlinga sitt føremål og grunnprinsipp, og som ikkje rettar seg etter gjentekne oppmodingar frå forsamlinga sitt hyrderåd, kan verta fråteke medlemskapen sin. Avgjerda vert teken av styret etter tilråding frå Hyrderådet, men kan etter oppmoding frå den aktuelle medlem bringast inn for årsmøtet/forsamlingsmøtet til endeleg avgjerd.</p>	<p>Å bli gjort kjent med forsamlinga sitt grunnlag, føremål og arbeid kan for eksempel skje ved innføringskurs eller ein samtale med formannen. ImF/krinsen kan også gje hjelp til dette.</p> <p>Pkt b gjeld berre registrerte forsamlingar (kyrkjelydar).</p>
§ 5 Årsmøtet	Paragrafen bør vera lik for alle.
<p>a. Årsmøtet er _____ (forsamlingsnamn) sin høgste myndigheit, og vert halde kvart år innan utgangen av februar. Alle som har fullt medlemskap og det siste året har delteke regelmessig i forsamlinga sine møte, har røysterett i årsmøtet.</p>	<p>«Delteke regelmessig» bør praktiserast vidt. I tvilstilfelle bør det avklarast under konstitueringa utan at «tvilstilfella» deltek i avrøystinga.</p>
<p>Styret for _____ (krinsnamn) kan senda ein utsending til årsmøtet. Denne har talerett, men ikkje røysterett.</p>	<p>Forbundsstyret foreslår gjensidig representasjon i årsmøta.</p>
<p>b. Årsmøtet handsamar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Styret si årsmelding. - Reviderte årsrekneskapar. - Lovendringar. - Andre saker som styret eller medlemene legg fram (jfr. pkt. e). 	<p>Her kan ein evt. føya til budsjett om dette er aktuelt for forsamlinga</p>
<p>c. Årsmøtet vel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Formann, styremedlemer og varamedlemer til styret. - Hyrderåd. - Valkomité. - Revisor. 	<p>Dersom styret konstituerer seg sjølv må formann utelatast her.</p>

Lovtekst	Kommentar
d. Årsmøtet gjer sine vedtak med vanleg fleirtal. Lovendringar krev 2/3 fleirtal.	
e. Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må denne vera sendt til styret seinast tre månader før årsmøtet skal haldast. Berre styret og forsamlinga sine medlemmer kan fremja forslag til lovendringar.	
f. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av styremedlemene eller 2/3 av foreiningsmedlemene ber om det.	
g. Protokoll frå årsmøtet vert sendt til krinsstyret i _____(krinsnamn).	FS-forslag om protokollutveksling
§ 6 Styret	
a. _____ (forsamlingsnamn) vert leia av eit styre som er høgste myndigheit mellom årsmøta.	
b. Alternativ 1: Styret består av fem medlemmer som blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år vekselvis går to eller tre medlemmer ut or styret. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret lengre enn åtte år i samanheng. Styret har tre varamedlemmer som blir valde for eitt år. Første varamann møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Styret vel seg imellom formann og nestformann. Alternativ 2: Styret består av fem medlemmer. Formann blir vald av årsmøtet for eitt år. Dei andre medlemene blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år går ut to. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret lengre enn åtte år i samanheng. Styret har tre varamedlemmer som blir valde for eitt år. Første varamann møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er til stades. Styret vel seg imellom nestformann.	Tal på styremedlemmer er berre meint som forslag. Men antalet bør vera oddetal (5,7 eller 9). Det er laga to alternativ då det er ulik praksis i forsamlingane med tanke på val av formann. Alternativ 1: Styret vel sjølv formann. Alternativ 2: Formann vert vald av årsmøtet.
c. Forsamlingsleiaren møter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.	Dette gjeld når forsamplingsleiaren er tilsett.
d. Styret held møte når formannen kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.	
§ 7 Styret sine oppgåver	
a. Styret skal:	Paragrafen bør vera lik for alle.
<ul style="list-style-type: none"> • Setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sine vedtak og avgjerder. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Forvalta og føra kontroll med _____ (forsamlingsnamn) sin økonomi. Større økonomiske saker må leggjast fram for krinsstyret til orientering, og handsamast av forsamlinga sitt årsmøte. 	Jfr. § 3 a i forslag til lov for Indremisjonsforbundet.
<ul style="list-style-type: none"> • Syta for at arbeidet vert drive i samsvar med _____ (forsamlingsnamn) sine lover. 	
b. Styret bind forsamlinga rettsleg.	

Lovtekst	Kommentar
<p>c. Styret kallar og tilset dei arbeidarane forsamlinga treng i samråd med styret for _____ (krinsnamn). Arbeidarane blir formelt tilsett og løna av krinsen i fylgje gjeldande løns- og arbeidsvilkår.</p>	<p>Forbundsstyret foreslår tilsetjingar på to nivå: krins og sentralt. Det er mest tenleg at lokale arbeidarar er tilsett i krins. Då slepp den lokale kasserar alt formelt arbeid vedr. arbeidsgjevaransvar.</p>
<p>d. Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.</p>	
<p>§ 8 Hyrderåd</p>	<p>Nemning i samsv. med ImF. Andre nemningar kan veljast.</p>
<p>a. Hyrderådet består av tre menn som har tillit i forsamlinga. Forsamlingsleiar (der slik er tilsett) er ein av desse. Hyrderådet har til hovudoppgåve å visa åndeleg hyrdeomsorg for medlemene. Det skal ta i vare eit særskilt hyrde- og læreansvar ved å sjå til at forkynninga og forsamlings-/foreiningslivet er i samsvar med Guds ord og Den evangelisk lutherske vedkjenning. Ved avvik eller lærestrid har Hyrderådet ansvar for rettleiing og formaning.</p>	<p>Forbundsstyret ønskjer synleggjøring av åndeleg leiarskap og tilsyn. Forbundsstyret meiner det er best at hyrderådet har klar forankring i styret.</p>
<p>b. Medlemer som tek til å leve i strid med Guds ord skal handsamast etter Matt 18,15-18. Medlemer som ikkje lever i samsvar med § 3, 1. ledd i denne lov, kan utelukkast frå forsamlinga.</p>	
<p>c. Oppgåver i rådet vert fordelte etter utrustning og nådegåver. Rådet innstiller til styret ved kall av tilsette og frivillige arbeidarar.</p>	
<p>§ 9 Oppløysing</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p>
<p>Skulle _____ (forsamlingsnamn) bli nedlagt eller oppløyst, går forsamlinga sine midlar og eigedomar over til _____ (krinsnamn) eller Indremisjonsforbundet.</p>	<p>Det kan vurderast om denne paragrafen skal utvidast i tråd med § 11 i mal for krinslover.</p>
<p>§ 10 Lovendring</p>	<p>Paragrafen bør liggja fast.</p>
<p>Årsmøtet i _____ (forsamlingsnamn) kan endra denne lova med 2/3 fleirtal, jfr. § 5 b, d og e. §§ 1 og 2a, første ledd, kan ikkje endrast.</p>	

2.4 Mal for ungdomsforeiningslover

Lovtekst	Kommentar
<p>Lov for ungdomsforeiningar tilslutta Indremisjonsforbundet</p>	<p>Malen bør følgjast med nødvendige lokale tilføyingar/tilpassingar</p>
<p>§ 1 Grunnlag</p> <p>_____ (ungdomsforeiningsnamn) byggjer arbeidet sitt på Bibelen Guds ord og Den evangelisk lutherske vedkjenning¹. På dette grunnlaget driv foreininga alt arbeidet sitt..</p> <p><i>(¹ Den apostoliske truvevkjenning, Den nikenske truvevkjenning, Den athanasianske truvevkjenning, Den augsburgske vedkjenning og Luthers Lille katekisme.)</i></p>	<p>Paragrafen må liggja fast og er uforanderleg.</p>
<p>§ 2 Føremål</p> <p>_____ (ungdomsforeiningsnamn) har til føremål å fremja Guds rike mellom dei unge så dei kan bli vunne for Kristus, styrkte i trua og førte inn i aktiv teneste. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.</p> <p>(Lokale tillegg).</p>	<p>Paragrafen bør liggja fast.</p>
<p>§ 3 Medlemskap</p> <p>Medlem av foreininga kan einkvar bli som er kjend av minst to av foreininga sine medlemmer for å vera ein personleg kristen, lever eit kristeleg liv, og er einige i §§ 1 og 2.</p> <p>Kvar medlem betaler ein årskontingent som foreininga sitt styre fastset. Dersom nokon ikkje har betalt kontingent i to år, vert vedkomande ikkje lenger rekna som medlem av foreininga.</p> <p>Nye medlemmer vert melde inn til styret og vert tekne opp i eitt av foreininga sine møte.</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p>
<p>§ 4 Tilhøvet til _____ Indremisjon (foreiningsnamn)</p> <p>a. _____ (ungdomsforeiningsnamn) høyrer til _____ Indremisjon (foreiningsnamn) og verkar i samsvar med _____ Indremisjon (foreiningsnamn) sine lover.</p> <p>b. Medlemmer av _____ (ungdomsforeiningsnamn) er også medlemmer av _____ Indremisjon (foreiningsnamn). Ved fylte 35 år går medlemene ut av _____ (ungdomsforeiningsnamn), men blir ståande med medlemskapen sin i _____ Indremisjon (foreiningsnamn)</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p> <p>Denne paragrafen knyter og ungdomsforeininga til tilsyns- og styrdefunksjonen nemnt i indremisjonsforeininga sine lover (§§ 3 og 7 eller forsamlingslover §§ 3 og 8)</p>
<p>§ 5 Årsmøtet</p> <p>a. Årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av februar. Alle medlemmer som har betalt kontingenten og er fylt 15 år, har røysterett i årsmøtet.</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p>

Lovtekst	Kommentar
<p>b. Årsmøtet handsamar fylgjande saker:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Styret si årsmelding. - Reviderte årsrekneskapar - Val av styre - Lovendringar. <p>- Andre saker som styret eller medlemene legg fram (jfr. pkt. e).</p>	<p>Nokre stader blir lovendringar handsama av hovudforeininga, men ungdomsforeininga har innstillingsrett.</p> <p>Her kan ein evt. føya til budsjett om dette er aktuelt for foreininga.</p>
<p>c. Årsmøtet gjer sine vedtak med vanleg fleirtal. Lovendringar krev 2/3 fleirtal.</p>	
<p>d. Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må denne vera sendt til styret seinast tre månader før årsmøtet skal haldast. Berre styret og foreininga sine medlemmer kan fremja forslag til lovendringar.</p>	
<p>e. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av styremedlemene eller 2/3 av foreiningsmedlemene ber om det.</p>	
<p>f. Protokoll frå årsmøtet vert sendt til styret i _____ Indremisjon (foreiningsnamn).</p>	<p>FS-forslag om protokollutveksling</p>
<p>§ 6 Styret</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p>
<p>a. _____ (ungdomsforeiningsnamn) vert leia av eit styre som er høgste myndigheit mellom årsmøta.</p>	
<p>b. Styret består av fem medlemmer som blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år vekselvis går to eller tre medlemmer ut or styret. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret lengre enn åtte år i samanheng. Styret har tre varamedlemmer som blir valde for eitt år. Første varamann møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Styret vel seg imellom formann, nestformann og sekretær. Styret i _____ Indremisjon (foreiningsnamn) har rett til å møte med observatør som har talerett, men ikkje røysterett.</p>	<p>Tal på styremedlemmer er berre meint som forslag. Men antalet bør vera oddetal (5,7 eller 9).</p> <p>Gml. lov foreslår at ein av ungdomsforeininga sine styremedlemmer vert vald av indremisjonsforeininga sitt styre.</p>
<p>c. Styret held møte når formannen kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.</p>	
<p>§ 7 Styret sine oppgåver</p>	<p>Paragrafen bør vera lik for alle.</p>
<p>a. Styret skal:</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Leia foreininga si verksemd, ta vare på foreininga sine interesser og sjå til at foreininga vert driven etter føremålet. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sine vedtak og avgjerder. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Forvalta og føra kontroll med _____ (ungdomsforeiningsnamn) sin økonomi. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Syta for at arbeidet vert drive i samsvar med _____ (ungdomsforeiningsnamn) sine lover. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Ha tilsyn med medlemene som gjer teneste i foreininga og sjå til at desse har dei nådegåver som er nødvendige for tenesta. 	
<p>b. Styret bind foreininga rettsleg.</p>	

Lovtekst	Kommentar
c. Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.	
d. Kopi av referat frå styremøte, årsmelding og revidert rekneskap vert sendt styret i _____ Indremisjon (foreiningsnamn).	
§ 8 Oppløysing	Paragrafen bør vera lik for alle.
Skulle _____ (ungdomsforeiningsnamn) bli nedlagt eller oppløyst, går foreininga sine midlar og eigedomar over til _____ Indremisjon (foreiningsnamn), _____ (krinsnamn) eller Indremisjonsforbundet.	
§ 9 Lovendring	Paragrafen må vera lik for alle.
Årsmøtet i _____ (ungdomsforeiningsnamn) kan endra denne lova med 2/3 fleirtal, jfr. § 5 b, d og e. §§ 1, 2, første ledd og 8 kan ikkje endrast.	Nokre stader blir lovendingar handsama av hovudforeininga, men ungdomsforeininga har innstillingsrett.

2.5 Mal for bedehuslover

Lovtekst	Kommentar
<p>Lov for bedehus innan Indremisjonsforbundet</p>	<p>Der ikkje indremisjonen eig bedehuset (åleine) kan denne malen vera til rettleiande hjelp.</p>
<p>§ 1 N.N. bedehus er eigd av _____ Indremisjon (foreiningsnamn), og verksemda i huset skal vera i samsvar med Guds ord og den evangelisk-lutherske vedkjenning.</p>	<p>Poenget i desse paragrafane er å verna om bedehuset sin læremessige forankring på evangelisk luthersk grunn. Folk som kjem til samlingar i bedehuset må vita kva læremessig grunnlag som gjeld her for forkynning, undervisning og fellesskap.</p>
<p>§ 2 _____ Indremisjon (foreiningsnamn) har til ei kvar tid første rett til bruken av huset. Når det ikkje kjem i vegen for foreininga sitt arbeid, kan huset nyttast til eitkvart gjeremål i Guds rike som står i samsvar med § 1.</p>	<p>Den læremessige forankringa er ikkje til hinder for at ein kan nytta talarar frå andre evangeliske trusfellesskap når ein har åndeleg tillit til dei i samband med konkrete oppdrag, eller låna ut huset til andre trussamanhenger i konkrete tilfelle. I begge tilfelle må det krevjast lojalitet mot ikkje å undergrave bedehuset si læreforankring.</p>
<p>§ 3 Når det ikkje kjem i vegen for bruken av huset etter § 2, kan huset også nyttast til møte for gode og allmenntytige gjeremål. Likevel må ein stadig sjå til at desse møte ikkje kjem i strid med Guds ord og sann kristeleg moral.</p>	<p>Den læremessige forankringa er ikkje til hinder for at ein kan nytta talarar frå andre evangeliske trusfellesskap når ein har åndeleg tillit til dei i samband med konkrete oppdrag, eller låna ut huset til andre trussamanhenger i konkrete tilfelle. I begge tilfelle må det krevjast lojalitet mot ikkje å undergrave bedehuset si læreforankring.</p>
<p>§ 4 Styret for _____ Indremisjon (foreiningsnamn) er og styre for bedehuset, og er såleis til ei kvar tid ansvarleg for bruken av huset etter desse reglar. Styret har ansvar for huset sin økonomi, reinhald og forsvarleg vedlikehald. Styret kan overdra det daglege tilsyn med huset til ein eller to av sine medlemmer. Men alle viktige saker må avgjerast i samla styre. Styret legg på foreininga sitt årsmøte fram revidert rekneskap for huset.</p>	
<p>§ 5 Skulle _____ Indremisjon (foreiningsnamn) bli nedlagt, skal styret for _____ (krinsnamn)/ Indremisjonsforbundet velja ein komité på tre medlemmer, som har å fungera som styre for huset etter desse reglar.</p>	<p>Normalt bør krinsen ta seg av dette. I nokre tilfelle er det naturleg at saka vert overlatt ImF sentralt.</p>
<p>§ 6 Vert det igjen oppretta indremisjonsforeining på staden og denne er i samsvar med den gamle indremisjon, skal huset gå over til den nye foreininga til eigedom og bruk etter desse reglar.</p>	
<p>§ 7 Årsmøtet i _____ Indremisjon (foreiningsnamn) kan endra desse reglar med 2/3 fleirtal. Likevel kan ikkje paragrafane 1, 2, 4 og 5 endrast utan godkjenning av Indremisjonsforbundet sitt styre. Forslag til endring av reglane må vera sendt til styret seinast tre månader før årsmøtet vert halde.</p>	